

---

Saksnr: 2020/44284-24  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

**Bestilling av forvaltningsrevisjon****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan .....
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 19.04.2021.
4. Prosjektplanen skal leggjast fram til godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.

**Samandrag**

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva område neste forvaltningsrevisjon skal gjennomførast innan.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Risiko- og vesentlegvurderingar Vestland fylkeskommune 2020

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune handsama i sak PS 153/20 «Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024» i møte 15.12.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Vestland fylkeskommune vert vedteken slik den ligg føre.*
2. *Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.*
3. *Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.*
4. *Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.*
5. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til fylkestinget etter kvart.*

Av den vedteke planen går det fram at i prioritert gruppe er desse 24 prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. **Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar**
2. Forvaltningsrevisjon av kvalitet i opplæringa
3. Forvaltningsrevisjon av satsing på digitalisering
4. Forvaltningsrevisjon av fylkesvegforvaltninga
5. Forvaltningsrevisjon av styring og kontroll med investeringar
6. Forvaltningsrevisjon av drosjetilbod
7. Forvaltningsrevisjon av trygt og godt skulemiljø
8. Forvaltningsrevisjon av beredskapsorganiseringa
9. Forvaltningsrevisjon av anskaffingar og kontraktsoppfølging
10. Forvaltningsrevisjon av fagopplæring og lærlingeordninga
11. Forvaltningsrevisjon av internkontroll
12. Forvaltningsrevisjon av økonomistyring og budsjettering
13. Forvaltningsrevisjon av vedlikehald av skulebygg
14. Forvaltningsrevisjon av Beredt AS
15. Forvaltningsrevisjon av Hardanger Aks AS
16. Forvaltningsrevisjon av fullmactsstruktur
17. Forvaltningsrevisjon av sakshandsaming og vedtaksoppfølging
18. Forvaltningsrevisjon av innkjøp
19. Forvaltningsrevisjon av etikk
20. Forvaltningsrevisjon av klima, miljø og berekraft
21. Forvaltningsrevisjon av universell utforming på kollektivtransport
22. Forvaltningsrevisjon av sakshandsaming knytt til akvakultur
23. Forvaltningsrevisjon av spesialundervisning
24. Forvaltningsrevisjon av verknader av koronapandemien for opplæring til sårbare grupper

### Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel fylkestinget som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

### Vurderingar og verknader

Det er no tid for å bestille ein ny forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet skal for det første velga det nye prosjektet for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har allereie prosjekt nr 1 «Tilskotsforvaltning innan ulike sektorar» under bestilling. På bakgrunn av at fylkestinget nyleg har vedteke den prioritert planen vil det vera naturleg av utvalet å velga det neste prosjektet i planen;

«Kvalitet i opplæringa». Det er sjølvstøtt også mogleg å velja eit av dei andre prosjekta dersom det viser seg at det har skjedd ting som gjer at risikobiletet har endra seg etter at planen vart vedteken.

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar/moment som ein vil at revisor skal finna svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksling på omtale av dei fire neste prosjekta, slik det kjem fram i den vedtekte planen for forvaltningsrevisjon, og analysedokumentet som ligg til grunn for den:

Nr.	Prosjekt	Tema
2	Kvalitet i opplæringa	<p>Område og tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppfølging av fagfornyinga</li> <li>• Kvalitet i tilbodet</li> <li>• Tilbodet til dei svakaste elevane</li> <li>• Vikarbruk</li> </ul> <p><u>Frå analysedokumentet side 33:</u></p> <p>Det blir opplyst i spørjeundersøkinga at det er utfordrande å etterleve regelverk innan opplæringsområdet, og at kutt i budsjettet i sektoren inneber risiko for at fylkeskommunen ikkje klarer å levere opplæring av god nok fagleg kvalitet. Dette blir framheva som særleg utfordrande i høve til dei svakaste elevane.</p> <p>Det blir i spørjeundersøkinga også kommentert at skulane ikkje har fått tilstrekkeleg med midlar til å arbeide på ein god måte med fagfornyinga.</p> <p>Det blir også kommentert at det er mangel på vikarar og at dette kan medverke til redusert kvalitet i opplæringa.</p> <p>Vurderingar/moglege konsekvensar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikkje tilstrekkeleg kvalitet i opplæringa</li> <li>• Manglande vikarbruk som går ut over kvaliteten i opplæringa</li> </ul>
3	Satsing på digitalisering	<p>Område og tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Digitale system</li> <li>• Digital kompetanse</li> </ul> <p><u>Frå analysedokumentet side 20:</u></p> <p>I spørjeundersøkinga blir det peika på at fylkeskommune burde vore betre på digitalisering. Det blir vidare peika på at det var mykje som ikkje fungerte digitalt på vidaregåande skular under koronapandemien våren 2020.</p> <p>Vurderingar/moglege konsekvensar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Risiko for at arbeidsprosessar blir forseinka eller ikkje utført.</li> </ul>
4	Fylkesvegforvaltninga	<p>Område og tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Internkontrollsystem</li> <li>• System og rutinar</li> </ul>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kapasitet og kompetanse</li> </ul> <p><u>Frå analysedokumentet side 25:</u></p> <p>Fra 1.januar 2020 overtok fylkeskommunane alt arbeid knytt til planlegging, bygging, forvaltning, drift og vedlikehald av fylkesvegane. Det blir opplyst i intervju at fylkeskommunen er i ein prosess med å utarbeide rutinar og kvalitetssystem.</p> <p>I spørjeundersøkinga blir det opplyst at kvalitetssystemet ikkje er klart og det manglar fleire system og rutinar på avdeling for infrastruktur og veg som følgje av at avdelinga er nyoppstarta. Dette gjev ein del uvisse, og særleg for nyttilsette. Det blir vidare peika på at Vestland ikkje har hatt ansvar for vegbygging tidlegare, og at fleire system ikkje er tilpassa det avdelinga har behov for. Blant systema som manglar er system for oppfølging på HMS og system for økonomioppfølging på prosjekt.</p> <p>I spørjeundersøkinga blir det og peika på at det manglar beredskap ved hendingar som ras, flom og stengde vegar og at det er utfordringar knytt til å utbetre flaskehalsar.</p> <p>Det blir elles stilt spørsmål ved fylkeskommunen sin kompetanse og evne til å halde framdriftsplanar på området.</p> <p>I intervju blir det peika på at vegtenesta kan vere eit mogleg tema for forvaltningsrevisjon. Det har allereie vore ein del uro knytt til avvik i den økonomiske overføringa og berekna ressursbruk. Det blir særleg trekt fram i spørjeundersøkinga at det kan vere utfordrande å nå mål innan avdeling for infrastruktur og veg, som følgje av at dette er ei helt ny avdeling. Bemanninga blir vidare opplevd som knapp.</p> <p>Deloitte gjennomførte i 2015 ein forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesvegar i Hordaland.</p> <p>Vurderingar/moglege konsekvensar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Manglande internkontroll</li> <li>• Mangelfull måloppnåing</li> <li>• Kapasitet- og kompetanseutfordringar</li> </ul>
5	Styring og kontroll med investeringar	<p>Område og tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Styring og kontroll</li> <li>• Risikovurderingar</li> <li>• System og rutinar</li> <li>• Melding om avvik</li> </ul> <p><u>Frå analysedokumentet side 18:</u></p> <p>Fylkeskommunen står for ei rekke store investeringar og har i følgje budsjettet planlagt investeringar for nær 6 milliardar i 2020.</p> <p>Investeringsoversiktane i budsjettet for 2020 viser at dei tre største investeringane i økonomiplanperioden 2020-2023 er fjerde byggjesteget av bybanen (4,87 millionar), byvekstavtalen (1,25 milliard) og ombygginga av fylkesrådhuset(1,1 milliard).</p>

		<p>Storleiken på investeringane gjer at dette området har ein ibuande risiko. I undersøkinga er det ikkje framheva særskilte prosjekt som det er knytt risiko til.</p> <p>Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av planlegging av investeringar i Hordaland fylkeskommune i 2017.</p> <p>Vurderingar/moglege konsekvensar:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Risiko for budsjettsprekk og store økonomiske tap</li><li>• Risiko for mangelfull styring</li></ul>
--	--	--

Analysedokumentet ligg ved saka.

### **Konklusjon**

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt. Prosjektplanen vert å levere sekretariatet innan 19.04.2021 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.